



Språkrådet i kortform



Dette er Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auke kunnskapen om norsk språk.

Direktøren i Språkrådet er leiar for 30 tilsette.

Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren.

Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunnige og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

Bruk nettsidene våre

På nettsidene til Språkrådet kan du søkje i ordbøker, få råd om rettskriving og anna praktisk språkhjelp, lese meir om arbeidsområda til Språkrådet og finne bakgrunnsinformasjon om norsk språk.

www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

Dette gjer Språkrådet

Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk.
- Vi har ei eiga språkteneste for statsorgan som gir råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt.
- Vi arbeider for at IKT-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og for å utvikle norskspråkleg fagspråk og terminologi.
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi fører tilsyn med at alle statsorgan følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.

Språkrådet

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

E-post: post@sprakradet.no

www.sprakradet.no

www.språkrådet.no

Framsidedeilete: © Berit Roald / Scanpix

Utforming: Tank Design

Trykk: RK Grafisk

Opplag: 2000 (2008)